



DEN NORSKE KYRKJA
Høyanger Kyrkjelege fellesråd

Marcus Thranes gate 3
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100

Høyanger 12.11.25

Protokoll møte 5-25 i Høyanger kyrkjelege fellesråd

Tysdag 11.11. kl. 11.00 – 12.30 på Høyanger kyrkjekontor.

Innkalla:

Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale, Vidar Myren, Torsten Müller, Toril Lange, Bjørn Harald Nybø, Terje Søreide og Kjersti J. Søreide, Frode Merkesvik, Andreas Ester,

Kopi av innkallinga går til:

Jens Ole Årdal, Sjur Håvard Øygard, Elisabeth Johansen, Eldrun Nordahl, Torunn Styve, Sissel Sørebo, Camilla M. Ådland, Leif Arne Fureli. Knut Magne Nesse. Inger Cesilie Fitje, postmottak Høyanger kommune.

Frammøte:

Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale, Torsten Müller, Andreas Ester, Toril Lange, Bjørn Harald Nybø, Terje Søreide og Kjersti Søreide

Forfall: *Frode Merkesvik, Vidar Myren*

Sakliste:

Opning av møtet:

- **innkalling, sakliste og møteprotokollen frå 04.09.25 vart godkjent.**
- **Soknepresten har ordet:**

Tok utgangspunkt i fortellinga om den miskunnsame samaritan. Eit sentralt poeng her er val av hovudperson i fortellinga. Frå media og politikk ser ein ofte at andre verdiar enn det denne fortellinga formidlar, får fokus.

Meldingssaker:

11 100-årsjubilèet for Ortnevik kyrkje.

Vart ei flott jubileumshelg med mange opplevingar. Laurdagen var det eit «Jubileumsseminar» i brytningspunktet mellom næring, kultur og kyrkja. Det var todelt – der første del gjekk i den nye verkstaden til Ortnevik tre. Den andre delen gjekk i kyrkja. At ein hadde fått lånt seg høgtalaranlegg som gjekk på batteri, var bra, for ein halvtime ut i programmet gjekk straumen. Ein fellesnemnar for dette seminaret, for historia til bygda, til Ortnevik kyrkje og til Ortnevik tre og andre næringar i Ortnevik er: Vi fiksar det sjølv!

Ei utfordring kunne veret denne helga by på, med stormen Amy. Straumen forsvann i bygda på laurdag, men søndagen vart det ein flott dag med mykje sol og godt ver.

Søndagen var det jubileumsgudsteneste der prost og biskop deltok, saman med fleire tidlegare prestar som har tenestegjort i Ortnevik. Alle 140 som deltok på gudstenesta fekk plass i grendehuset etterpå – der det vart servert lokalprodusert fiskesuppe og betasuppe med påfølgande kakebord og kaffi.

Etter dette var det opent for omvising på kveiteoppdrettsanlegget til Tubilah og til stavkyrkja til Anders Brekke.

Helga vart avslutta med konsert i kyrkja. Sigrid Moldestad m/band. Ortnevik kyrkje er ei god konsertkyrkje og konserten gav meirsmak. Det å invitere til ein slik konsert er noko ein ynskjer vidareføre som ein årvisst tradisjon.

12 Framdrift i ulike vedlikehaldsprosjekt.

Bruk av midlane til Ortnevik (løyvde for 2025) og andre prosjekt.

Kyrkjeverja orienterte om vedlikehald som er gjort i dei ulike kyrkjene, andre bygg og på gravplassane.

13 Budsjett 2026. Søknaden til kommunen.

Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett innebar ei overføring til kyrkja med same kronebeløp i 2026 som i 2025. Det at ein ikkje tek høgde for pris og kostnadsvekst, gjer at dette er eit reelt kutt i overføringa. Det er likevel ikkje krise for økonomien til Høyanger kyrkjelege fellesråd på kort sikt. Men det kan føre til at kommunen må auke overføringane vesentleg i år med tyngre vedlikehaldsprosjekt som t.d. måling av kyrkjer.

14 Kyrkjeverja har ordet.

Personalsituasjonen har vore krevjande med sekretæren langtidssjukemelt sidan tidleg i vår. Dette har ført til at mykje av arbeidet til kyrkjeverja har vore knytt opp til oppgåvene som må gjerast i det daglege. Det syner att i oppgåver som ligg til kyrkjeverja som å følgje opp arbeidsplanen til HKF og til å planlegge for framtidige vedlikehaldsprosjekt. Desse oppgåvene har difor vorte skyvd på, og må takast att.

Samarbeidsstillinga som kyrkjelydspedagog er no saman med Fjaler, Hyllestad og Askvoll fellesråd, lyst ut med søknadsfrist 5.januar.

Vedtakssaker:

012/25: Kyrkjerådet si høyring om kyrkjeval-reglane. Høyringsfrist 21. november.

Utifrå drøftingane i fellesrådet vert det gjort slikt samrøystes vedtak:

HKF ber kyrkjeverja utforme og sende ei uttale i samsvar med kommentarane i dette møtet. Høyringssvaret vert vedlagt protokollen.

013/25: Budsjett 2026. Søknaden til kommunen.

Utifrå drøftingane under meldingssak 13 vart det gjort slikt samrøystes vedtak:

HKF stadfestar tidlegare e-post-godkjenning av budsjettet for 2026, og godkjenner det slik det er sendt som vedlegg til søknaden om løyvingar frå Høyanger kommune.

014/25: Val av leiar og nestleiar

I samsvar med regelverket vart det halde skriftleg val av leiar og nestleiar for fellesrådet.

Valresultat:

Sturla Bell Fossen vart vald til leiar av HKF for 2026 med 6 røyster. Blanke røyster: 2.

Terje Søreide vart vald til nestleiar av HKF for 2026 med 7 røyster. Blanke røyster: 1.

Protokoll ført av:

Stig Jonny Fitje

Kyrkjeverje for Høyanger kyrkjelege fellesråd